



Maria Malmsten har mykje å stå å med i Kvinnherad og meir blir det..Her dirigerer ho i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år har ein ikkje hatt lærar for ungdomskor i kulturskulen, men frå hausten startar dei opp att, fortel lærar og dirigent Maria Malmsten. Dette er eit tilbod for både gutar og jenter frå 13 år - det vil seie åttande klasse. Maria preiserer at ein ikkje må gå på solosong for å vera med i koret.

Maria skal vera dirigent og lovar å jobba med eit svært variert repertoar. Øvingane vert på Undarheim skule torsdag ettermiddag og kveld.

Elles skal ho frå hausten undervisa i song - solotimar eller gruppetimar (2 i gruppa).

I år har Maria hatt 13 elevar på song i alderen 13-19 år.

- Det er kjempekjekt å undervisa, seier Maria, som vi kjenner best som populær kordirigent i Kvinnherad.

Undervisinga går føre seg på Halsnøy, i Husnes og Rosendal. Det blir jobba med stemmebruk, pusteteknikk og det blir sunge populærmusikk, viser, folketonar, rock og klassisk. Dei syng og saman med pianist, i band med meire. Ein må vera 13 år eller 13 år det året ein søker for å koma inn på song. Søknadsfisten er 15. april.

- Og så er det noko som kallast musikkleik...

- Jau, det er eit tilbod for 5 og 6 år gamle born. Undervisinga vil gå føre seg i Rosendal og på Husnes oig varar omtrent ein time. Her jobbar eg med song, songleik, litt drama og eventyr, teikning og litt rytmeinstrument, fortel Maria.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen